

Landbruket

Ei vekstnæring i nittiåra

Av Olav Randen og Helge Christie



Rød Valgallianse

Postboks 211, Sentrum, 0103 Oslo 1
Gjøteborggt. 8, 0566 Oslo 5. Telefon: (02) 38 42 50



Forord

I dette heftet er hovedvekta lagt på en alternativ jordbrukspolitikk. Regjeringa og Stortinget gjennomfører en landbrukspolitikk som raserer tusenvis av gårdsbruk, fører til økologisk uforsvarlig drift og større avhengighet av matimport. RV støtter kampen for økt sjølberging, et økologisk jordbruk og for å opprettholde og øke sysselsettinga i landbruket.

RV vil takke Olav Randen og Helge Christie for et hefte med mye nyttige fakta og linjer for en alternativ landbrukspolitikk.

Oslo juni 1991

Aksel Nærstad
leder i RV

Innhold:

Forord	3
Landbruket - ei vekstnæring i nittiåra	
1.1 Landbruket handlar om mat	5
1.2 Landbruk handlar om rein og sunn mat	6
1.3 Landbruk handlar om å nytte, ikkje bruke opp naturen	7
1.4 Landbruk handlar om sysselsetjing, kvinnearbeidsplassar, distriktpolitikk, kulturlandskap, miljø og tradisjonar	8
1.5 Det handlar om effektivitet	9
2. Landbrukspolitikken sine fire hovedefaktorar	10
2.1 Marknaden	10
2.2 Det store nydyrkingsprosjektet	11
2.3 Mindre og meir tilpassa kapital	12
3. Agronomien - ein forfallen vitskap som må attreisast	14
3.1 Lokal foredling av mat	14
3.2 Offentleg tilsette avløysarar	15
4. Konklusjonar	16
Noter	18
Gatt og norsk jordbruk	19
Nei til EF-tilpassing på forhånd	21
Åpen hånd til jordbrukets allierte	21
Strategi for norsk jordbruk sitt bidrag til bærekraftig utvikling	22
Krav til miljøstandarder i internasjonale avtaler	22
Et økologisk og sterkt norsk landbruk (fra RVs program)	23

1. LANDBRUK - EI VEKSTNÆRING I NITTIÅRA

1.1. Landbruk handlar om nok mat

Vi kan starte med Verdskommisjonen for miljø og utvikling, som vår statsminister Gro Harlem Brundtland har sett sin signatur under. Ifølgje prognosane der vil folketalet i verda auke frå dei noverande vel 5 milliardane og til 6,1 milliardar ved årtusenskiftet og 8,2 milliardar i år 2025. (1) Utgangspunktet for prognosen er at ein omtrent like stor del av menneska blir bomba, gassa, skotne og svelte i hel i åra som kjem som i dei åra vi har attom oss.

Dei 8,2 milliardane skal ha mat. Det skal skje på ein klode som no taper 24 milliardar tonn matjord, omtrent jamstort med Australias kveiteåkrar, kvart einaste år. Det skal skje på ein klode der skogarealet årleg skrumpar inn tilsvarande halve Noregs grunnflate, der sju gonger Noregs dyrka mark blir til ørken, der ureining er i ferd med å redusere avlingsnivået med 5 - 10% på verdsbasis, der femdelen av verdas planteslag blir borte på 20 år og der ureining og rovdrift svartlegg stadig fleire hav. (2)

Ei gammal innsikt for bønder verda over er sakte i ferd med å nå også politikarar og agronomisk ekspertise, innsikta om at veksten når eit tak. Veksten i levande produksjonar skjer ikkje uendeleg, men som S-forma kurver. Når det gjeld avdrått for dyr og mengd for planter, nærmar vi oss eller har nådd dette taket. Det er heller ikkje ny teknikk å setje inn som kan gje oss større spelerom.

Vi kan ta kornproduksjon som døme. I 1960 auka verdas kornproduksjon med 13% pr innbyggjar. Meir effektive sortar, meir effektive dyrkingsmåtar, meir kunstig vatning og framom alt meir kunstgjødselbruk var årsakene. i 1990, som var eit svært godt avlingsår, minka kornproduksjonen med 2% pr innbyggjar. (3)

Altså står to utvegjar opne for verdas herskarar: 1) prøve å produsere nok mat i verda, og 2) halde folketalet nede med krigføring, ihelsveltungskampanjar og sjukdomsfremjande tiltak.

Er det mogeleg å fø 8 eller 10 milliardar menneske på ei jord der alt no ein av dei fem milliardane er under- eller alvorleg feilernærte? Truleg er svaret ja, men vi ligg då svært nær folketalstaket. Det krev for det første at vi tek vare på ressursane for komande ættleder i staden for å bruke dei opp. Det krev for det andre at vi bruker dei jodbruksressursane vi har. Dei nedlagde bruka i Troms og skrapslåtten i Hallingdal blir altså viktig for neste generasjon. Det krev for det tredje at vi, globalt og i Noreg, bruker meir planteprodukt (poteter, grønsaker, korn, soyabønner) og mindre dyreprodukt. Når plantene går gjennom dyremagen for å gi mjølk og kjøt, gir dei berre 10-20% så mykje næringsstoff som når dei blir etne direkte. Altså meir graut og brød og mindre mjølk og kjøt, eller i allfall mindre mjølk og kjøt produsert frå kraftfor.

I Noreg importerer vi rundt 60 prosent av maten vi et målt på kaloribasis. Medan verdsgjennomsnittet er ca 3,5 dekar dyrka jord pr innbyggjar, har vi 2,1 dekar og tek jord ut av produksjon. Det finst matvarer som vi vanskeleg kan produsere her i landet. Men når vi har gjort oss så avhengige av andre, er det ikkje fordi vi manglar landbruksressursar. Vi bur i eit godt landbruksland med stabilt klima utan omfattande tørke- eller flaumperiodar, vi har mykje god matjord og difor høge avlingar både av korn og gras, og vi har like mykje dyrkbar som dyrka jord. Når vi har gjort oss så avhengige av andre, er det eit politisk val. Det er eit val gjort ut frå at Noreg er eit land med kjøpekraft, som difor kan skaffe seg maten utanfrå.

På stutt sikt er ei slik vurdering rett. I dag kan vi kjøpe matkorn frakta til norsk hamn for under ei krone kiloen. Prisen ligg altså langt under innanlandske produksjonskostnader. Men mykje talar for at det ikkje blir slik i framtida. I 1987 var det kornlager i verda for 102 dagar, i 1990 hadde lagera minka til 62 dagars forbruk, og trass i det gode avlings-

året i 1990 auka lagera berre til 66 dagars forbruk ved inngangen til 1991. (4) Om lagera minkar til under 60 dagars forbruk, kjem vi under den mengda som må til for å halde oppe straumen av korn frå produsent til konsument. Røynslene frå sist det skjedde, i 1973, fortel at då vil prisane svinge sterkt, og kornprisen kan bli fleirdobla på nokre veker. Ved nye tørkesomrar i verdas store kornproduserande land, eller om kravet om ei rettferdigare fordeling av brødkornet får gjennomslag, kan massesvilt bli ein realitet også for det norske folket.

Mat er makt. Dersom matmangelen blir global og dei store kornlanda med internasjonalt press og arbeid for prinsippa om å utnytte komparative områdefordelar og fri handel over landegrensene lykkast i å sikre seg endå meir av produksjonen av korn og annan mat enn i dag, vil dei kunne styre viktige sider ved verdsutviklinga ved å opne matkranene til lydige land og stengje dei for andre. Difor er og eigen matproduksjon eit grunnlag for internasjonal handlefridom og ein viktig del av totalforsvaret vårt.

Verdas Matvarekonferanse i Roma i 1974 gjekk inn for auka sjølforsyning i alle land som eit hovudelement i kampen mot svolten. Generalforsamlinga i FN har fleire gonger skissert same strategien. Brundtlandkommisjonen tek utgangspunkt i ein liknande tankegang.

I internasjonale fora som GATT og EØS-drøftingar går norske styresmakter i staden inn for å auke verdshandelen med mat og å utforme internasjonale spelereglar som reduserer eiga matvareforsyning. Dei nemnde vedtaka frå Verdas Matvarekonferanse, frå FN og Verdskommisjonen for miljø og utvikling gir landet vårt god ryggdekning for å endre denne politikken og i staden arbeide for å realisere sjølforsyninga.

Fordi vi - med den tilgangen på innsatsfaktorar som vi har no - produserer nokre prosentar meir med mjølk, kjøt, flesk og egg enn det innanlandske forbruket, har overproduksjon vorte sett på som hovudproblemet i norsk landbruk siste tiåret. I røynda er det alstå motsett. Det store problemet er at vi - på grunn av eigne val - har ein så liten matproduksjon og eit så lite produksjonspotensiale at matmangel kan truge kva tid som helst.



1.2. Landbruk handlar om rein og sunn mat

Angel dust, englestøv, er eit hormonstoff som hippiar rusa seg på sist på sekstitalet. I fleire EF-land har ein smuglarliga siste tida selt engelstøv til bønder, ikkje som rusmiddel, men som hormonstoff som dei blandar i foret til storfe for at kjøtvekta skal auke. Rettnok blir kjøtet vassfylt, og det tapar vekt att ved steiking og koking. Men kunden veit ikkje kvar kjøtet kjem frå, så bonden tener meir og får ikkje svi. (5)

Bruk av englestøv kan føre til hjarte- og lungesjukdommar hos dyra. Det er, det eg kjenner til, ikkje påvist at englestøv, anabole stereoidar og andre hormonpreparat i foret kan føre til sjukdommar på menneske som et produkta. Men det ligg føre mistanke om slike konsekvensar. Det ligg til dømes føre mistanke om at den omfattande bruken av hormonpreparat i dyrefor i mellom-Amerika er forklaringa på hyppige vekstforstyrningar som menstruasjonsutvikling hos jenter under skolealder.

I Noreg har vi strenge restriksjonar på bruk av antibiotika hos dyr. Dyrlegen må kome på staden og skrive resept på medisinen, og tillatne dosar er små. Ein jurbetennelse kostar den norske bonden rundt 300 kroner i dyrlegehonorar + medisinar for fire dagars bruk + tilbakehalding av mjølka i fire dagar etter avslutta behandling frå den betente spenen og to dagar frå dei andre spenane. Bønder i mange land kan gå i hylla eller butikken etter ein stor eingongsdose antibiotika, og dei kan levere mjølka to dagar etter behandlinga.

Bruk av antibiotika er det kanskje største framsteget legevitenskapen til no har gjort. Vi veit ikkje om meir omfattande bruk av antibiotika i dyr kan føre til skadeverknader. Men i verste fall kan det gjere menneske immune mot verknadene av penicillin. Difor treng vi ein restriktiv politikk. Kanskje er den norske politikken for lite restriktiv heller enn for stram.

Føresetnaden for moderat medisinbruk er nasjonale grenser. Med ein fri vareflyt i EF eller EØS kan den norske bonden tinge antibiotika på postordre frå Italia eller Spania. Bønder som slit med dårleg økonomi vil bli pressa til å skaffe seg midisinar på billigaste måte, slik at høvet til ein restriktiv veterinærpolitikk vil falle bort.

I syttiåra såg styresmaktene på samanhengen mellom landbrukspolitikk og ernæring. I ernæringsmeldinga (6) gjekk dei inn for å stimulere til eit sunt kosthald. Med opplysning og prissubsidiar skulle folk drikke mjølk framfor cola og kaffi og ete ost framfor potetgull. I åttiåra var ikkje ideane om kosthald lenger god lære. Folk skulle velje fritt, også mellom mjølk og cola. Og subsidiane vart fjerna.

Men sjølvsagt har nasjonen Noreg interesse, også økonomisk, av å fremje eit sunt kosthald. Ikkje slik å forstå at kosthaldet bør detaljstyrast eller at mjølk er idealdrikken i alle samanhengar, men likevel slik at ei stimulering av akseptert sunne landbruksvarer bør vere ei nasjonal oppgåve.

1.3. Landbruk handlar om å nytte, ikkje å bruke opp naturen

Dersom vi tenkjer oss den tida det har levd menneske på jorda, som eit døgn, blir tida frå den industrielle revolusjonen og fram til i dag det siste sekundet i dette døgnet. Tida frå den andre verdskrigen til i dag blir dei to siste tidels sekunda. På desse to tidels sekunda har menneske gjort meir for å bryte ned kloden og miljøet her enn på heile døgnet foreåt. Nokre døme som vedkjem produksjonen av mat:

- * Det tynne laget av matjord som dekkjer delar av kloden, går mangstad over til ørken på grunn av harddrift, eller det regnar eller blæs bort på grunn av monokultur.
- * Minst femdelen av planteslaga og ei rekkje dyre- og fugleslag er utrydda. Jorda sitt biologiske mangfald er i ferd med å bli øydelagt.
- * Det industrielle landbruket fører til utslepp og ureining som det i beste fall tek generasjonar å bryte ned.
- * Landbruket krev store mengder lagerressursar som olje, kalium og fosfat. Dei kjende lagera av mineralolje i verda held til 40-50 års forbruk med det noverande uttaket.
- * Den omfattande energibruken i landbruket aukar drivhuseffekten dramatisk.

Likevel blir det industrielle landbruket stimulert. Vi kan sjå på flaggskipet i EFs landbruk, Nederland. Dette landet, som er mindre enn Finnmark fylke, produserer 7 tonn møk pr. innbyggjar. Møk i slike mengder blir avfall og ureining og ikkje gjødsel. Møka tettar grunnen og gjer at planter ikkje veks opp. Ammoniakken trengjer ned i grunnvatnet og gjer det udrikkande. Tankbilane køyrer mjølk frå gardane og drikkevatt til gardane. Rundt om samlar det seg lager av kassert steinull, for når denne er brukt til grønsakproduksjon to-tre år, må mattene skiftast ut. Bruk av hormonpreparat er forbode, men den illegale marknaden er så stor at mange dyr etter norske bønders vurdering er å rekne

som sprøytenarkomane.

Den nederlandske bonden ligg på EF-toppen i inntekt. Det nederlandske landbruket er blant verdas mest lønsame. Det er lønsamt fordi det overlet til andre å betale rekninga, til land i den tredje verda og til komande generasjonar. Som må byggje opp att det denne generasjonen industrilandbrukarar har brote ned av naturen.

Siste rapporten frå Worldwatch Institute jamfører jorda med ei storbedrift som gjev overskot år etter år. Men overskotet kjem ikkje av at drifta er lønsam, det kjem av at eigarane sel unna eigedommar og tek ut fortienesta av salet til forbruk. I landbruket har eit heilt anna prinsipp rådd grunnen. Bonden skulle overlata garden i betre stand til neste generasjon enn den var i då han sjølv tok over. Dette prinsippet bør også gjelde Jorda.

1.4. Landbruk handlar om sysselsetjing, kvinnearbeidsplassar, distriktspolitikk, kulturlandskap, miljø, tradisjonar

Landbruk handlar altså først og fremst om å sikre folket nok mat, rein mat og mat produsert på ein forsvarleg måte. Men landbruket kan brukast til å løyse ei rekkje oppgåver attåt dette.

Vi har minst 200000 reelt arbeidsledige i Noreg. Med landbruket som vekstnæring kan nasjonen sysselsetje ein del av desse på meiningsfylt vis. Ikkje minst kan vi skape nye arbeidsplassar for kvinner og for ungdommar. Vi kan skape desse arbeidsplassane i distrikta, der dei trengst mest.

Det gjeld ikkje berre arbeidsplassar i landbruket, men og arbeid i tilknytt verksemd, i bedrifter som handlar med landbruket, i handverksarbeid knytt til gardane, i slakteri, meieri og anna omsetjing og foredling av landbruksprodukt.

Noreg er ein nasjon i hovudsak av bygdefolk. Medan til dømes Storbritannia alt rundt siste århundreskifte hadde 75% av folkesetnaden i byar (7), har bybusetnaden i vårt land vore så snau at grunnlova hadde ein eigen paragraf om at tredjedelen av stortingsrepresentantane skulle kome frå byar. Først då byane rundt 1950 fekk meir enn tredelen av folkesetnaden, vart denne paragrafen, den såkalla bondeparagrafen, oppheva. Ikkje berre kulturlandskapet, men miljøet og tradisjonane, heile vår identitet som nasjon, er i stor mon knytt til det å halde oppe bygdebusetnad og landbruk.



1.5. Det handlar om effektivitet

Innanfor landbruket reagerer somme med svsmak på krav om effektivitet og rasjonell drift. For dei har opplevt at desse krava blir nytta for å stemple dei som ineffektive og skuve dei ut or næringa.

Men dersom ein kilo mat kan produserast på ein time, ser eg ingen grunn til at to timar skal brukast. For det må vere eit mål for oss menneske å redusere den nødvendige arbeidstida til matproduksjon, både for å få løyst andre arbeidsoppgåver og for å få fritid.

Dersom hogstmaskinen er meir effektiv enn motorsaga og traktoren eller hesten, ser eg ingen grunn til at hogstmaskinen ikkje skal brukast.

Bedriftsøkonomisk er hogstmaskinen ofte mest effektiv. Om skogeigaren set bort avverkninga, kan han få mest netto sjølv av å setje den bort til ein skogsentreprenør med hogstmaskin.

Samfunnsøkonomisk blir spørsmålet meir komplisert. For det første går ein stor del av arbeidet med hogstmaskinen føre seg andre stader og i andre land, med å produsere maskinar, å reparere, å produsere nye delar og å produsere brennstoff. Nettoinnsparinga av arbeidskraft kan altså ikkje berre målast i skogen. For det andre må samfunnet skaffe nytt arbeid til eller trygde dei tidlegare skogsarbeidarane som blir ledige. For det tredje fører bruk av hogstmaskinar til at skogsarbeidaryrket blir borte og at det difor heller ikkje blir folk til planting, tynning og anna sommararbeid i skogen. For det fjerde er hogstmaskinane langt meir brutale mot skogen enn det skogsarbeidarar, traktorar og hestar er. Dei tunge maskinane pressar saman jorda og øydelegg tre og botnvegetasjon, dei ureinar, og dei bruker store mengder av den knappe og ureinande lagerressursen olje.

Om vi går vekk frå den snevre, bedriftsøkonomiske oppfatninga av omgrepet effektivitet og over til samfunns effektivitet, der vi tek inn omsynet til samfunnet totalt, til naturmiljøet og til framtida, ser vi at skogsarbeidaren med sag og landbrukstraktor eller hest kan vere meir effektiv enn skogsmaskinen.

Dyrk korn iaar!



Øyet avkastning betyr øket vinding for landet og øket gevinst for Dem. Dette oppnaes bedst og sikrest ved kjøp av **Vesteråsrad-saamaskinen „HELICE“**

Anerkjendt over hele Skandinaviens som absolut bedst. Stort lager av alle sorter landbruksmaskiner og redakaper. Forlang katalog, gratis og franko.

A/s **F. ANKER**, Kristiania og Trondhjem.



Vor nye amerikanske Plog Nr. 50 for 1 hest er den beste Plog for enhver Småbruker. Den er specielt skikket for Norske Forhold og har en meget stor Arbeidsevne.

2. Landbrukspolitikken 4 hovudfaktorar

Landbrukspolitik handlar om 4 hovudfaktorar, marknaden, arealet, arbeidskrafta og kapitalen. (8) Aukar vi vekta på ein av faktorane, reduserer vi samstundes ein eller fleire av dei andre. I det meste av etterkrigstida har såleis den innanlandske marknaden vore omtrent konstant, kapitalbruken har auka dramatisk, og arbeids- og arealinnsatsen har vorte redusert tilsvarande. Skal vi endre landbrukspolitikken, må vi gripe fatt i desse 4 faktorane:

2.1 Marknaden

Hovudelementa i norsk landbrukspolitik så langt har vore at vi skal vere sjølforsynte med mjølk, kjøt, egg og fleisk og så langt råd ha ein eigenproduksjon av korn, frukt og grønsaker. Fleirtalet i Alstadheim-utvalet vil auke kornimporten og opne for ein kjøtimport på rundt 10 prosent. Dei vil oppretthalde sjølforsyninga når det gjeld mjølk, men redusere produksjonsmålet fordi dagens mål på 1800 millionar liter mjølk fører til overproduksjon.

Eg trur følgjande endringar i produksjonsmålet bør fremjast, men understrekar at dette må skje over tid:

A) Frå kjøt til korn

Når kornet går gjennom oksen eller grisen og blir til menneskeføde gjennom kjøt, er det ødsling med næringsstoff. Når kornet i framtida blir ein knappheitsfaktor, må vi redusere denne bruken av det. Vi må altså i framtidig kosthald bruke meir brødmat og meir graut og mindre kjøt.

B) Frå cola, kaffi og andre drikkar til mjølk og mjølkeprodukt

Det er grunn til å rekne med at mjølk og mjølkeprodukt er sunnare. Mykje av juicen, coladrikkane o.l. veit vi ikkje ein gong kva inneheld. Dessutan produserer vi mjølka innanlands og kan difor spare importutlegg.

C) Frå lyse til mørke kjøtslag

I Noreg er beite ein overflodsressurs. Vi kan utan vanskar hente 3-4 gonger så mange foreiningar frå beite som vi gjer i dag. Når det blir knapt med korn, må vi i staden basere den nødvendige kjøtproduksjonen og like eins produksjonen av mjølk og mjølkeprodukt langt meir på beite. Det inneber at vi må gå vekk fra kraftforbaserte produksjonar og kjøtslag som gris og kylling og over på beitebaserte produksjonar som sau og beitande storfe.



2.2 Det Store Nydyrkingsprosjektet

I 1865 var det rundt 3,2 dekar dyrka jord pr innbyggjar i Noreg. I 1939 var talet redusert til 2,8 dekar. No har vi rundt 2,1 dekar fulldyrka jord for kvar nordmann eller vel 8 millionar dekar i alt. Det er 60-70% av verdsgjennomsnittet.

Ulikt dei fleste europeiske land har Noreg mykje udyrka, dyrkbar jord. Tala er noko usikre, men det blir vanlegvis rekna med at vi har 6-8 millionar dekar dyrkbar jord under skoggrensa, det vil seie nesten like mykje som den dyrka jorda. Attåt er det store område dyrkbar jord i fjellet.

Av den dyrkbare jorda ligg 1,8 til 2 millionar dekar i kornområde. Ein ny teknikk, såkalla krossensilering, gjer det mogeleg å produsere kraftfor som silomasse i staden for som tørka korn. Ein sparar med det rundt 3 veker om hausten og kan flytte grensa for kornproduksjon til kraftfor nordover og høgare over havet. Men jamvel om denne metoden slår til, vil det meste av jorda vere gras- og ikkje kornjord.



Noreg er mindre enn dei fleste land skapt for industrilandbruk. Norsk lende er slik at den beste vekstjorda ofte er å finne på små område innimellom skogteigar, steinrøyser, åsar og vatn. Skal vi ta i bruk meir jord, har vi difor ikkje noko alternativ til å godta at det trengst mange og små bruk, i mange høve deltidbruk, for å produsere mat på effektiv måte i landet vårt.

Ei høveleg målsetjing er å auke det dyrka arealet med 50%, til ca 13 millionar dekar. Med 13 millionar dekar dyrka kan vi drive ein meir ekstensiv gras- og kornproduksjon med mindre kunstgjødsel og sprøytemiddel. Vi har rikeleg med jord i beredskap til meir intensiv potet-, grønsak- og korndyrking i tilfelle det trengst.

Jorddyrking løner seg sjeldan. For å nå dyrkingsmålet på 4,5 millionar dekar trengst difor støtteordningar. Vi kan rekne ut frå ein gjennomsnittskostnad til nødvendig vegbygging, dyrking, grøfting og gjerding på 6000 kroner pr dekar. Om det store dyrkingsprosjektet skal gjennomførast, må staten gje 4.5000 kroner pr dekar i støtte. Totalkostnaden for staten tilsvarar såleis rundt eit forsvarsbudsjett eller velså ein storflyplass på Hurum

I tillegg til dyrkingstilskot trengst jordformidling. Det er oftast dei store bruka som har best tilgang på dyrkingsjord. Det trengst ein offentlig jordformidlingssentral i kvar kommune, truleg lagt til landbruksnemnda og landbrukskontoret, og eit aktivt arbeid for at bruk som har for lite jord, skal få overta eller leige på langsiktig kontrakt av bruk som har for mykje. Det trengst ikkje nye lover for å kunne gjennomføre dette, jordlova (8) gir høve til å ekspropriere jord for å hjelpe bruk som treng tilleggsjord, men høvet blir sjeldan eller aldri brukt.

Altså kan vi setje i gang Den Store Nydyrkinga, med det som mål å ha 4,5 millionar dekar ny jord under plogen om 15 år. Det vil sikre gardsbruk, det vil gi grunnlag for nye, det vil gi arbeidsplassar i rydding og dyrking, det vil gi oss ein reinare matproduksjon og ein betre matvareberedskap.

Noreg har sommarbeite i overflod. Frå 1940 til i dag er talet på foreiningar opptekne på beite redusert med to tredelar. Dei fleste stader i landet er sauene det einaste beitedyret. Sauene åleine er ikkje i stand til å utnytte beita, og dei gror att og forfell. Gjerde- og beitelova pålegg gardeigarar å gjerde og å halde gjerda ved like, men svært mange gjerde forfell, og beita blir ubrukande.

No har vi på nytt arbeidsløyse som i tredveåra. Attåt har vi innsyn i at mattilgangen globalt kan bli knapp i tida framover, og vi veit mykje om miljøtrugsmåla og om at vi må få til ein meir miljøvenleg landbruksproduksjon. Difor trengst ein ny bureisings- og tilbakeflyttingskampanje. Ikkje som ei mellombels lindring av arbeidsløysa, men fordi framtidens matproduksjon bør skje med fleire folk og med ei mindre intensiv arealutnytting. Styresmaktene planlegg at vi om tjue år skal ha 3-4 prosent av dei yrkesaktive i landbruket. Landet er meir tent med at vi har 9-10 prosent innanfor landbruket.

Mei vi har fleire innanfor landbruket enn land det er naturleg å samanlikne oss med, blir det innvendt. Det kjem an på. Noreg har 6% av dei sysselsette i landbruket, Storbritannia 2, USA 3 og Sverige 4. Men Finland har 10%, Ungarn 21%, Pakistan 49 og India 63, for å nemne nokre døme. (11)

La oss stille spørsmålet på ein annan måte: Vi hadde i 1989 132000 personar sysselsette i jordbruk, skogbruk, fiske og fangst, og vi hadde 154000 personar sysselsette i bank og finansinstitusjonar. (12) Er det naturleg og fornuftig at landet vårt treng vesentleg fleire folk til å passe på pengane enn til å produsere den maten vi skal ete?

Analyserer vi landbruket bedriftsøkonomisk, ser vi stordriftsfordelar. Ein gard på 600 mål kan drivast meir effektivt enn 15 gardar på 40 mål. Ser vi samfunnsøkonomisk på spørsmålet, veg stordriftsulempene tyngre. Stordrift gir ofte dårlegare utnytting av dei samla ressursane, særleg beitet. Stordrift kan ikkje utnytte naturens tåleevne på same måten som småbruka. Naturen kan bryte ned dei nødvendige utsleppa frå 15 små og spreidde bruk, medan utsleppa frå storgarden blir for konsentrerte og store. Stordrift skaper få arbeidsplassar. Stordrifta blir nødvendigvis meir avhengig av tilførte innsatsfaktorar som straum, diesel og kunstgjødsel, og er difor ein usikrare mattilgang.



Altså må landbrukspolitikken stimulere småbruk og familiebruk og ikkje stordrift. Overføringane bør jamne ut skilnadene mellom små og store og ikkje stimulere til stordrift. Det taket som har vore på ein del overføringar på 2 årsverk og som staten i jordbruksoppgjeret 1991 vil auke til 3,5 årsverk, må ned att.

23 Mindre og meir tilpassa kapital

I heile etterkrigstida har altså areal og endå meir arbeid i landbruket vorte erstatta av kapital. Gardsdrengen har vorte erstatta av traktoren. Kvinnearbeidet har vorte erstatta av mjølkemaskinen. Arbeidskrevjande beitebruk og forsanking har vorte erstatta av kunstgjødsel og innkjøpt kraftfor. Om bonden får meir betalt for produkta han leverer enn for tjue eller trede år sidan, har han difor og meir utlegg, til banken i form av renter, til maskin- og kraftforfirma og til vedlikehald og fornying av kapitalen. Såleis blir nettoen mindre og ikkje større.

Staten har gjennom Landbrukets utbyggingsfond gjeve tilskot til ulike investeringar i næringa. Ein tanke med desse har vore å hjelpe bønder som treng det, til investeringar som bruka sjølve ikkje kan bere. Ein annen tanke bakom ordningane har vore at dei skal styrkje ein del såkalla berekraftige eller robuste bruk, slik at andre bruk kan leggjust ned. Dette er altså to motstridande målsetjingar.

Dei siste åra har målet om å hjelpe bønder som treng det, vorte skuvd stadig lenger unna.

Støtte til særleg vanskelegstilte bruk er fjerna, støtte til bureisingsbruk er fjerna, støtte til nydyrking er redusert til eit minimum, støtte til grøfting er i ferd med å bli avvikla, støtte til silo- og låvetørkeanlegg er borte. I 1989 fekk til dømes 1869 brukarar tilskot til fulldyrking, medan talet ti år før var 10986. (13). Tilskota til driftsbygningar går til rundt tredelen av husdyrhaldarane og fører over tid difor til langt færre og langt større einingar.

Skattereglane inneber ei løynd subsidiering av visse investeringar, for dei som har høge inntekter. Om bonden kjøper ny traktor, kan han avskrive den med 30% i året. Kjøper han utstyr til under 10000 pr eining, kan han utgiftsføre det direkte. Men byggjer han ny driftsbygning, kan han berre avskrive 6% i året. Reglane er no under omarbeiding.

Somme kritikarar av dagens landbrukspolitikker sier at problemet er kapitalbruken. Den må reduserast. Som hovudtrekk er dette rett. Særleg om å gjere er det å basere produksjonen meir på gardens egne ressursar og mindre på tilkøpte ressursar. Men det er samtidig for enkelt å gå inn for å redusere kapitalbruken allment. For liksom det finst bruk med overinvesteringar, finst det bruk der det er investert altfor lite, og der det er behov for å ruste opp både driftsbygningar, jord og maskinpark.

Dersom vi vil ha alle bruk i drift og auke brukstalet, må tilskota over Landbrukets utbyggingsfond styrast vekk frå dei bruka som likevel er berekraftige og over til bruk som er nedslitne. Tilskota må knytast til modernisering og til mindre investeringar, omarbeiding av driftsbygningar, installering av silotaljar og kraftforsiloar, legging av strekkmetall, tetting og utviding av gjødselkjellarar, bygging av køyrebruer på låvar, nødvendig røysefjerning, kjøp av lett traktorutstyr og hurtigkoping, for å nemne nokre døme. Spesielt må det leggjast vekt på modernisering som kan redusere tunge lyft. Det gjer landbruket meir aktuelt for kvinner. Men det finst og mange veikhelsa og ryggskadde menn i næringa, som har stort behov for slik arbeidslette.

Mykje av landbruksmaskinane i Noreg er lite tilpassa vår natur. Maskinane er tunge og dårleg eigna i bratt lende. Av dei maskinane som er utvikla i mellomeuropeiske land, spesielt Sveits og Østerrike, med tanke på brattlende og små bruk, er lite kome i sal her. Vi må byggje ut samarbeidet med desse landa, og vi må arbeide for å utvikle ein norsk landbruksmaskinproduksjon med tilpassa maskinar for heimemarknaden.

Vort
Træskeverk nr. 0

er uten sammenligning det
bedste for smaabrukere

Obs. 42 pigger

istedetfor paa andre 24

Landskjendte!

Let at trække!

Dobbeltrensende træskeværk —
Motorer — Hakkelmaskiner —
Rensemaskiner — Vandringer
i rikt l. kl. utvalg.



Katalog gratis og franko.

F. ANKER, Maskinforretning, Kr.a og Trondhjem.

3. Agronomien - ein forfallen vitskap som må atterreisast

Vi kan ta utgangspunkt i NRF-kua. I 1950-åra fanst enno over 50 ulike, stadeigne kurasar og ei rekkje avlsorganisasjonar. Rundt 1960 vart stordelen av den agronomiske ekspertisen sett inn for å utvikle den norske rikskua, Norsk Raudt Fe (NRF). Med seminavl, sentral seminstasjon og støtte over jordbruksavtalen vart det utvikla og satsa på NRF-kyr over heile landet, og mange av dei gamle og godt tilpassa kurasane vart borte. NRF-kua er ei effektiv kraftforku. Så lenge kraftfortilgangen er uavgrensa, kan kua liggje svært høgt i yting. Gjennomsnittsproduksjonen på norske kyr er av dei høgste i verda.

Filosofien bakom gigantsatsinga var at maksimal yting pr ku er målet. Ei ku som får mykje kraftfor, mjølkar meir enn ei ku som får lite. Ei NRF-ku mjølkar meir enn ei telemarksku. Den dyktigaste rettleiararen eller avlseksperteren var den som kunne oppvise dei høgaste avdråttstala. Ytinga skulle opp frå 4000 til 6000, 8000 og 10000 liter i året.

Rettleiarar og avlseksperterar såg ikkje at husdyravl er eit samspel mellom dyr, natur og menneske. Avlar ein fram visse eigenskapar hos dyr, går det lett ut over andre. Legg ein einseitig vekt på å byte kraftfor med mjølk, kan resultatet bli kyr som har mindre evne til å ta opp for på beite og som er mindre resistente mot ulike sjukdommar.

